

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	22/421

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/22	Eldrerådet	PS	16.11.2022
100/22	Formannskapet	PS	22.11.2022
	Kommunestyret	PS	

Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelp 2023

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Kommunen kan i tråd med Helse-og omsorgsloven § 3-2 fyrste ledd nr.6 bokstav b krevja betaling for praktisk bistand (óg kalla for heimehjelp). Kommunen sjølv kan setja fast betalingsssatsar og reglar for betaling. Forskrift om egenandel for kommunale helse-og omsorgstjenester slår fast at dersom ein husstand sin samla skattbare nettoinntekt før særfradrag er under 2G, så kan samla eigenandel ikkje vera høgare enn 215 NOK/månad. Kommunen skal dessutan minst årleg oppdatera eigenandelsvedtaket ut frå nye opplysningar i likning og ny G, jfr. Forskriften § 8. Kommunen kan ikkje ta høgare betaling enn sjølvkost. Sjølvkost vert berekna til ei gjennomsnittleg timeløn for den tenesta som vert utført, tillagt sosiale utgifter og administrasjonsutgifter som skal utgjera 10 prosent av timeløna og sosiale utgifter. For Fedje kommune er sjølvkost etter desse premissane berekna til 348 NOK/time.

Vurdering

Forslag til nye betalingsssatsar for praktisk bistand i 2022:

Inntekt	Eksisterande satsar (kr/time)	Forslag nye satsar 2022 (kr/time)	Maks betaling per månad (kr)
Under 2G	105 (210)	108	215
2-3G	153 (961)	159	997
3-4G	225 (1321)	233	1370
4-5G	306 (1619)	317	1679
Over 5G	346 (1923)	348	1994

1G= kr.111477 per 01.05.2022

Folkehelse: Helse i befolkninga varierar mellom ulike gruppar: etter inntekt, utdanning, yrke, kjønn og etnisk og kulturell bakgrunn (helsegradienten). Betaling for praktisk bistand tilpassa til hushald sine samla inntekt vil såleis bidra til ei viss utjamning av helsegradienten, særleg i låginntektshushald.

Miljø

Økonomi

Konklusjon



edje kommune

Satsane for praktisk bistand er justert i tråd med nasjonale føringar og ei berekning av sjølvkost for teneste.

Forslag til vedtak:

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor.

Eldrerådet - 008/22

ELD - behandling:

Eldrerådet lurar på om det er ein feil tabellen som ligg i saka?

ELD - vedtak:

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor.
Samrøystes vedteke.